



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 25.04.2014  
Vår ref.: 2014/13696-3  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.:

## Høyringsuttale - Trafikksikringsplan for Radøy kommune 2014-2020

Vi viser til dykkar brev av 12. mars 2014 vedkommande rullering av trafikksikringsplanen for Radøy kommune 2014-2020. Frå Hordaland fylkeskommune si side ønskjer vi å trekkje fram fleire moment, og komme med forslag til korleis trafikksikringsplanen kan gjerast tydelegare og meir relevant.

### Fylkeskommunen som vegeigar

For det fyrste vil vi peika på følgjene av forvaltningsreforma frå 01.01.2010, der Hordaland fylkeskommune no har eit mykje større vegansvar enn tidlegare. Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen (SW) underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også SVV det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. I dette arbeidet er det eit vesentleg element at det i dei kommunale trafikksikringsplanane framgår ei klår prioriteringsliste av aktuelle fysiske tiltak på vegnettet slik at fylkeskommunen og SVV kan leggje denne til grunn for sine prioriteringar av trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet. Prioriteringslista vil slik sett vere førande for det arbeidet som vert gjort, og andre tiltak som vert meldt inn vil difor komme i andre rekke.

### Fylkeskommunen sitt trafikksikringsansvar

Som ei følge av forvaltningsreforma fekk fylkeskommunen også eit større trafikksikringsansvar, og har eit overordna ansvar for samordning av trafikksikringsarbeidet i fylket. I oktober 2013 var Fylkestrafikksikringsrådet (FTR) lagt ned, og erstatta av Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU). Dette er eit politisk oppnemnd utval som har trafikksikring som sitt ansvarsområde. Vi ber om at omtalen av Hordaland fylkeskommune i planen vert endra i tråd med dette. Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 ligg til grunn for fylkeskommunen sitt arbeid, og er slik sett eit regionalt råmeverk for trafikksikring for kommunane i fylket. Planen vart vedteken i fylkestinget i mars 2014, med tre nye særskilte satsingsområde som vi ber kommunen merke seg. I særleg grad dei tiltaka som omhandlar kommunane direkte, under dette; prosjektet Trafikksikker kommune. Vi oppmodar Radøy kommune å vise til denne nye planen i sin trafikksikringsplan, og ikkje planen for 2010-2013. Det same gjeld for Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017 som vart lagt fram i mars. Her er det også nye målsetjingar. I desse planane ligg nullvisjonen til grunn for arbeidet, og nullvisjonen er også ein overordna visjon for Hordaland fylkeskommune sitt trafikksikringsarbeid. Dette er element som det kan vere nyttig å peike på i ein trafikksikringsplan. I denne samanhengen kan også Regional transportplan for Hordaland 2013-2024 (RTP) nemnast. RTP legg mellom anna råmene for investeringstiltak på fylkesvegnettet i åra frametter. Konkret kva tiltak som er prioritert dei næraste åra ligg føre i handlingsprogrammet (2013-2017).

### Særlege kommentarar til høyringsutkastet

Ein vesentleg del av kommunale og fylkeskommunale trafikksikringsplanar er å gje ein presentasjon av ulukkesstatistikken i kommunen/fylket, gjerne også sett opp mot regionen/landet totalt sett. Denne statistikken seier noko om kvar ein står i dag samanlikna med tidlegare år, jf for eksempel førre planperiode,

samt kva ulukkes- og trafikanttypar, samt vegstrekingar som ein i særleg grad bør ha fokus på i den nye planperioden. Vi saknar ein slik ulukkesoversikt for kommunen i dette høyringsutkastet. For at planen skal verte eit best mogleg arbeidsverktøy så vil vi oppmode om at statistikken som vert teke med er så oppdatert som mogleg. Med tanke på at denne planen skal gå fram til år 2020 er det av særleg verdi at vurderingsgrunnlaget for tiltaka har utgangspunkt i relevante tidsperiodar. Vi oppmodar dykk difor til å ta kontakt med Statens vegvesen som sit på mykje talmateriale og kompetanse på dette feltet, for å få hjelp til å kunne svare ut desse spørsmåla. Når det gjeld omtalen av Radøy kommune generelt så kan det vere nyttig å også omtale demografisk utvikling i kommunen, og evt også større planarbeid som vil ha innverknad på trafikkmønsteret dei kommande åra, for eksempel barnehage-, skule-, bustad- og næringsområde i kommunen.

I høyringsutkastet vert det presentert ulike faktaboksar om faktorar som kan medverke til dødsulukker. Dette er viktig kunnskap som kan vere eit bidrag til å forstå meir av årsakstilhøva bak til ei ulukke. Faktaboksane seier mykje i seg sjølv, men det kan vere trong for å kommentere det som ligg av informasjon i boksane i større grad.

Vi ser det som positivt at planen peiker på kva som er kommunen sitt ansvar gjennom folkehelseloven. Arbeidet med folkehelse og trafikksikring heng på mange måtar tett saman, og vi vil her utfordre kommunen til å ha med ein kort omtale om kva dette meir konkret inneber for Radøy kommune denne planperioden.

Høyringsutkastet har med ein eigen del om haldningsskapande tiltak. Dette vil fylkeskommunen trekkje fram som særst positivt ettersom det er viktig at ein trafikksikringsplan har fokus på både trafikantretta og fysiske tiltak. Vi vil i den samanhengen minne om tilskotsordningane som fylkeskommunen har oppretta. Den fyrste er tilskot til lokale trafikksikringsarrangement, slik som for eksempel refleks-, sykkel- og trafikksikringsdagar i barnehage og skule. Frå 2014 er det også oppretta ei eiga tilskotsordning til mindre fysiske trafikksikringstiltak som kommunane kan søkje på. Vi viser elles til utsende brev og FTU si heimeside vedkommande desse tilskotsordningane: [www.hordaland.no/ftu](http://www.hordaland.no/ftu)

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Ådlandsvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*